
Fra: Kjell Kolstad <vom.kaptein@gmail.com>
Sendt: mandag 17. desember 2018 07:41
Til: Einar Færø; Postmottak Radøy
Emne: Re: SV: 18/17895 Vikeplikt på Toskavegen

Hei!

Eg såg at det var satt opp ein boks frå VVS med trafikktejing i Toskavegen utanfor Langhøyane i veka som gjekk. Noko resultat? Måler den farten også? Eg og mange andre er spent.

Helsing

Kjell Kolstad

Sendt fra min iPad

8. des. 2018 kl. 07:36 skrev Kjell Kolstad <vom.kaptein@gmail.com>:

Hei Einar Færø!

Eg skjønner du slit mot overmakta og ikkje kan måla sebrastriper over Toskavegen som er fylkesveg. Eg er likevel skremd når eg kjem kjørande og barna krysser vegen til/frå skulen. Eg vil gjerne stoppa og vinka dei over vegen, men då tek eg rolla til politiet og kva skjer viss motgåande trafikk skaper ulukke. Då blir eg straffa.

5 nye hus er bygde i Langhøyane og fleire kjem og problemet aukar. Vegen ut frå Selfallet er om mogeleg verre. Noko må gjerast før ei ulukke skjer.

Krav: Toskavegen blir forkjørsvog. Fotgengarfelt over Toskavegen ved Langhøyane.

Eg har i alle fall varsla.

Helsing
Kjell Kolstad

Sendt fra min iPad

7. des. 2018 kl. 10:30 skrev Einar Færø <Einar.Faero@radoy.kommune.no>:

Hei!

Det var i samband med etablering av det nye fortauet at me nyleg var i kontakt med SVV om etablering av fotgengarfelt og kryssing. Men utan resultat. På nytt var det vist til trafikktejing.

Mvh
Einar Færø
Einingsleiar Drift
Mob.99098153

Fra: Kjell Kolstad [<mailto:vom.kaptein@gmail.com>]

Sendt: 7. desember 2018 09:50

Til: Einar Færø; Postmottak Radøy

Emne: Re: 18/17895 Vikeplikt på Toskavegen

<image001.png>

Eg takker for raskt svar. Slik eg skjønner svaret, så er Radøy kommune enig med meg og innbyggjarane langs Toskavegen at noko må gjerast. Skal me då berre setja oss ned i godstolen og telja bila nattestid med lys på slik Vegvesenet visstnok gjer?

Eg ser at det er laga nytt fortau ut frå Langhøyane men det manglar fotgjengerfelt over Toskavegen slik mange har ynskja. Har SSV stoppa det også sidan vegen er fylkesveg?

Må det skje ei ulykke før nokon tek tak i saka. Krav frå meg og sikkert ynskje frå mange: Toskavegen blir forkjørsvog og fotgjengerfelt over Toskavegen ved Langhøyane. Mange barn krysser vegen på veg til skulen og frå skulen.

Helsing

Kjell Kolstad
Sendt fra min iPad

7. des. 2018 kl. 09:15 skrev Einar Færø

<Einar.Faero@radoy.kommune.no>:

Sjå vedlagte saksdokument

<Vikeplikt på Toskavegen(1).pdf>